

KOMMISJONSDIREKTIV 2007/29/EF

2012/EØS/5/35

av 30. mai 2007

om endring av direktiv 96/8/EF med omsyn til merking av, reklame for eller presentasjon av næringsmiddel til bruk i kalorifattige diettar med sikte på vekttap(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/398/EF av 3. mai 1989 om
tilnærming av medlemsstatenes lovgiving om næringsmidler
beregnet på spesielle ernæringsmessige behov⁽¹⁾, særleg
artikkel 4 nr. 1, og

ut frå desse synsmåttane:

1) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1924/2006
av 20. desember 2006 om ernærings- og helsemessige
påstandar om næringsmidler⁽²⁾ skal gjelde frå 1. juli
2007. Forordninga skal nyttast på næringsmiddel som
er meinte for bruk i kalorifattige diettar med sikte på
vekttap, men utan at ho rører ved dei særlege føresegnene
i kommisjonsdirektiv 96/8/EF av 26. februar 1996 om
næringsmiddel til bruk i kalorifattige diettar med sikte på
vekttap⁽³⁾.

2) I direktiv 96/8/EF er det fastsett at merkinga av, reklamen
for og presentasjonen av dei produkta som er omfatta av
det nemnde direktivet, ikkje skal innehalde opplysningar
om kor raskt eller kor stort vekttap bruken av dei kan føre
til, eller om at dei kan gje nedsett svoltkjensle eller auka
mettleikskjensle.

3) Etter artikkel 13 nr. 1 bokstav c) i forordning (EF)
nr. 1924/2006 kan det på visse vilkår tillatast å nytte
helsepåstandar som gjer greie for eller nemner nedsett
svoltkjensle eller auka mettleikskjensle.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kungjort i EUT L 139 av 31.5.2007, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 154/2007 av 7. desember 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 26, 8.5.2008, s. 13.

(1) TEF L 186 av 30.6.1989, s. 27. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

(2) TEU L 404 av 30.12.2006, s. 9. Forordninga retta ved TEU L 12 av 8.1.2007, s. 3.

(3) TEF L 55 av 6.3.1996, s. 22.

4) Det å tillate påstandar som viser til nedsett svoltkjensle eller auka mettleikskjensle, på det vilkåret at slike påstandar byggjer på allment godtekne vitskaplege prov og er godt forståelege for gjennomsnittsfbrukaren, speglar att utviklinga innanfor denne typen produkt og eigenskapane deira.

5) Dette argumentet gjeld ikkje minst for produkt som vert nytta i kalorifattige diettar med sikte på vekttap. Difor bør bruken av slike påstandar ikkje lenger vere forboden, på det vilkåret at vilkåra i artikkel 13 nr. 1 i forordning 1924/2006/EF er stetta.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I artikkel 5 i direktiv 96/8/EF skal nr. 3 lyde:

«3. Merkinga av, reklamen for og presentasjonen av dei aktuelle produkta skal ikkje innehalde opplysningar om kor raskt eller kor stort vekttap bruken av dei kan føre til.»

*Artikkel 2***Innarbeiding i nasjonal lovgjeving**

1. Medlemsstatane skal innan 30. november 2007 vedta og kungjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell for desse føresegnene og dette direktivet.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. juli 2007.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 30. mai 2007.

For Kommissjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommissjonen